

Johannes Tyssebotn  
Vestre Kleppsvegen 122  
5283 FOTLANDSVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10455 - 20/31891

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
29.05.2020

## Vi har registrert eit ulovleg forhold på eigedommen din - varsel om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 221/1 Eikefet

**221 / 1 - Varsel om pålegg om retting av ulovleg forhold, varsel om tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven §§ 32-2, 32-3 og 32-5**

### Saka gjeld:

Alver kommune har i samband med synfaring/tips vorte merksam på at det er gjennomført vesentlege terrenginngrep på eigedom med gnr. 221, bnr. 1. Terrenginngrepet omfattar utfylling av massar mot/i Eikefetelva som er eit verna vassdrag.

### Førehandsvarsel om pålegg om retting:

I samband med plan- og bygningsloven (pbl) §32-2, gjev vi med dette varsel om at Alver kommune med heimel i pbl § 32-3, vil kunne fatte vedtak om pålegg om retting av det ulovlege forholdet, om ikkje forholdet er brakt i lovlege former ved å tilbakeføre tiltaket **innan 15.07.20**. Kommunen må verte underretta skriftleg når tiltaket er tilbakeført.

Alternativt kan dykk søkje om løyve til tiltaket. Med ein eventuell søknad meinast komplett søknad med teikningar (plan/fasade/snitt), situasjonskart og nabovarsel til berørte naboar/gjenbuarar. Det må i tillegg søkjast om dispensasjon i samband med plan- og bygningsloven sin § 19-2. Dispensasjonssøknaden må verte grunngjeve. Det må også innhentast godkjenning frå andre mynde i forbindelse med tiltak ved verna vassdrag, samt gjerast geotekniske vurderingar om korleis tiltaket vil berøre straumnings- og flaumtilhøva i elva.

Vi gjer merksam på at dette ikkje inneber noka form for førehandsgodkjenning av tiltaket. Om søknaden vert avslått vil det i same vedtak verte fatta vedtak om pålegg om riving og pålegging av tvangsmulkt.

### Førehandsvarsel om tvangsmulkt:

I samband med pbl §32-2, gjev vi med dette varsel om at Alver kommune med heimel i pbl § 32-5, vil kunne fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, om det ulovlege tiltaket ikkje er tilbakeført, og vi ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 15.07.20**. Eventuelt må

komplett søknad om løyve vere motteke hos Alver kommune innan fristen. Ei tvangsmulkt vil begynne å laupe frå utlaupet av ein eventuell påleggsfrist.

Ei tvangsmulkt vert fastsett som eit eingongsbeløp, ei laupande mulkt eller ein kombinasjon av eingongsbeløp og laupande mulkt. Moment som vert vurdert ved fastsetjinga er mellom anna kor grovt brotet er, fordeler ved brotet og at mulkta oppfordrar til rettidig oppfylling av eit pålegg.

#### **Førehandsvarsel om lovbrotsgebyr:**

Vi gjev med dette varsel om at Alver, vil kunne fatte vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

#### **Førelegg og andre opplysningar:**

Det er eigar/tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningslovgivinga sine krav, inkludert tidlegare gjevne løyve, vert haldne.

Etter pbl § 32-2 andre ledd skal det ved varsel om pålegg opplysast om at eit eventuelt pålegg som ikkje etterkomast innan fastsett frist, også vil kunne verte følgt opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom, jf. pbl §§ 32-6 og 32-7. Det vert orientert om at, sitat: «Blir pålegg i rettskraftig dom eller dermed likestilt forelegg ikkje etterkommet kan plan- og bygningsmyndighetene la de nødvendige arbeider utføre for regning av den som dommen eller forelegget er rettet mot», jf. § 32-7 fyrste ledd.

Pålegg kan etter pbl § 32-3 fjerde ledd verte tinglyst som hefte på eigedomen om pålegget ikkje vert gjennomført.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

#### **Dykkar rettigheter:**

De har rett til å uttale Dykk før det vert fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt.

**Frist for uttale er sett til 23.06.20**, jf. pbl § 32-2.

Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

#### **Aktuelt regelverk**

- Plikten til å søke om tiltaket fremgår av plan- og bygningsloven § 20-2 jf. § 20-1.
- Plan- og bygningsetaten har anledning til å gi pålegg om å rette det ulovlige forholdet ett plan- og bygningsloven § 32-3 første ledd.
- Plan- og bygningsetaten har anledning til å vedta tvangsmulkt etter plan- og bygningsloven § 32-5.
- Plan- og bygningsetatens plikt til å forhåndsvarsle eventuelle vedtak fremgår av plan- og bygningsloven § 32-2.
  
- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.
- Gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 .

- Frist for uttale er minimum 3 veker, jf. plan- og bygningsloven §32-8.
- Rett til å avstå frå å uttale seg i saka, jf. byggesaksforskriften (SAK 10) §16-4.
- Grunnlag for utlegg er endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 siste ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 20/10455», eventuelt gnr 221, bnr 1.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Johannes Tyssebotn

Vestre Kleppsvegen 122

5283

FOTLANDSVÅG